



**ØY
GARD
EN**

- eit fyrtårn i vest




Koronavaksinasjon

Øygarden kommune


Kven har rett på å få vaksine i Øygarden?

- Alle over 18 år som er innbyggjar og som oppheld seg i Øygarden kommune over tid, skal ha tilbod om koronavaksine.
- Vaksinen er gratis




Formålet med vaksinasjon

- Verna liv og helse for dei som er mest utsette for koronasjukdom.
- Vaksinen vernar det enkelte individ mot sjukdomen.
- Når ein tilstrekkeleg del av befolkninga har teke vaksinasjon, kan ein hindra at viruset spreier seg.
- For bedriftene er vaksinasjon eit viktig bidrag for å sikra stabil arbeidskraft.




Personar frå andre kommunar

- Personar frå andre kommunar enn Øygarden som pendlar til Øygarden på jobb og skule, skal i utgangspunktet ta vaksine i Bergen.



Kva tid får du vaksine?

- Det er Folkehelseinstituttet som fordeler vaksinar, og Øygarden kommune vil gje vaksinar etter kvart som det er tilgjengelege dosar.
- Den første tida vil det ikkje vera nok koronavaksine for alle. Dei som har størst behov, vil få vaksine først.



Korleis kan eg registrera meg i vaksinekø?

- Innbyggjarar og dei som oppheld seg i kommunen i samband med arbeid og utdanning, kan registrera seg i vaksinekø elektronisk.
- For å registrera seg i vaksinekøen, er det nødvendig å ha fødselsnummer eller d-nummer.



Slik registrerer du deg elektronisk

1. Trykk på denne lenkja: vaksine.oygarden.kommune.no
2. Logg inn med BankID.
3. Vel om du skal registrera deg sjølv eller på vegner av andre
4. Svar på enkle spørsmål og alder, yrke og helse
5. Send inn.
6. Du får stadfesting på SMS om at du er registrert.
7. Seinare vil du få melding på SMS at no er tida inne for å bestilla time.
8. Trykk på lenkja for å bestilla time.
9. Bestill time for både dose éin og dose to. Du har sjølv ansvar for at du også får dose to.
10. Bestillinga vert stadfesta på SMS.
11. Møt opp i det lokalet du er tildelt time for vaksinerings til avtalt tidspunkt.

Her finn du meir informasjon

- Øygarden kommune - www.oygarden.kommune.no
- Folkehelseinstituttet- www.fhi.no/en/ (engelsk versjon)
- Koronatelefon 56 16 00 10
 - Tast 2 for å registrera deg for vaksine.
 - Telefontid måndag til fredag kl. 08.00 til 11.30 og 12.00 til 15.00